Innspelsrunde om framtidas vidaregåande opplæring

Status
Ikkje innsend til Utdanningsdirektoratet.
Fråsegna er under utfylling.

Innsend av

Innsend dato
ikkje innsend

På vegner av

Klikk her for å redigere og sende inn denne fråsegna:
https://hoering.udir.no/hoering/3890/utkast/ec55fd3e-cc9c-4cf7-8781-2032d2ca9cc7

Utkast

4. Felles innhald for alle i vidaregåande opplæring

Innleiing

Strukturen for fellesfaga i vidaregåande opplæring har vore uendra i lang tid. Samstundes endrar verda seg i stadig raskare tempo. Verdsbiletet i dag er prega av uro, rotløyse og uvisse og demokratiet er under press. Vi ser at framveksten av sosiale medium, mangfald i informasjonskanalar og algoritmar som skaper ekkokammer, kan skape nye utfordringar og føre til polarisering og eit avgrensa verdsbilete. Utviklinga av kunstig intelligens skapar samstundes store utfordringar når det gjeld å vurdere kva som er ekte og sant.

For at vidaregåande opplæring skal lykkast med sitt samfunnsoppdrag, å ruste elevane til å møte utfordringar i notida og framtida med best moglege føresetnader, må vi vurdere kva alle elevar treng å lære, uavhengig av om dei skal bli studieførebudde eller få ein yrkeskompetanse.

Når vi utviklar framtidas innhald for vidaregåande opplæring, vil vi gjere det tydelegare at vi byggjer vidare på kompetansen elevane alt har med seg. Målet er tydelegare progresjon enn i dag og eit innhald som elevane opplever som nytt og relevant.

Kunnskapsgrunnlaget viser at skolar og lærarar opplever Overordna del som nyttig og relevant. Likevel ser vi i evalueringane av fagfornyinga og fagfornyinga yrkesfag, at det er krevjande å operasjonalisere verdigrunnlaget og dei tverrfaglege temaa der desse ikkje er konkretiserte i kompetansemåla i læreplanar for fag. Vi ynskjer derfor innspel på om det er sentrale tema frå Overordna del som er i tråd med formålet om felles innhald og som bør konkretiserast i felles innhald i framtidas vidaregåande opplæring.

Framtidas felles innhald

Vi meiner at noko innhald skal vere felles for alle i framtidas vidaregåande opplæring – uavhengig av om ein er elev i eit yrkesfagleg utdanningsprogram eller i ein studieførebuande retning.

Vi ynskjer innspel på kva som faktisk skal vere felles for alle og å etablere ei felles forståing av kva det er viktig at elevane lærer på tvers av yrkesfagleg og studieførebuande opplæring. Det felles innhaldet i framtidas vidaregåande opplæring skal verken utviklast på studieførebuande eller yrkesfaga sine premissar, men vere relevant for alle elevar og knytast til kva elevane treng for å klare seg i samfunns- og arbeidslivet i framtida.

Gjennom vår kunnskapsinnhenting har vi fått innspel om at mellom anna demokrati, den norske modellen, folkehelse, personleg økonomi, folkerett, berekraft, teknologi, likestilling og kulturarv kan vere sentrale innhaldselement for alle elevar i vidaregåande opplæring. Dette er ikkje ei uttømmande liste. Vi ynskjer innspel på andre tema som er i tråd med formålet og som bør inngå i det felles innhaldet i vidaregåande opplæring.

Formål med felles innhald

Vi foreslår at felles innhald i vidaregåande opplæring skal ha fylgjande formål:

Felles innhald i vidaregåande opplæring skal gi alle elevar felles referanserammer og føresetnader for aktiv deltaking i samfunn og arbeidsliv, og meistring av eige liv. Innhaldet skal gi elevane kunnskap om vår kulturarv og våre tradisjonar. Vidare skal det bidra til å utvikle elevane sine verdiar, haldningar og kompetansar som skal bidra til å samle Norge som samfunn. Våre tradisjonar og verdiar er grunnlaget for vårt demokrati og skal gi elevane føresetnader for å leve, lære og arbeide saman i eit fellesskap.

1. Gir formålet med felles innhald, slik det står ovanfor, eit godt utgangspunkt for å prioritere kva for innhald alle elevar i vidaregåande opplæring skal ha?

✓ **Ja**

Kommentar
Ja, med et tydelig forbehold. Et felles innhold kan gi alle elever et solid og dannende grunnlag for deltakelse i samfunns- og arbeidsliv. Formålet må samtidig slå fast at innholdet skal være relevant for elevens valgte sluttkompetanse. For yrkesfag betyr dette at kompetansen må kunne utvikles gjennom yrkesfaglige problemstillinger, arbeidsmåter og læringsarenaer.

2. Er det noko som ikkje blir ivareteke i forslaget til formål med felles innhald, eller har du andre innspel?

✓ **Ja**

Kommentar
Formålet bør tydeligere omfatte evnen til å lære og videreutvikle kompetanse gjennom hele yrkeslivet. Det bør også vise at videre utdanning omfatter både universitet og høyskole og høyere yrkesfaglig utdanning. Elever på yrkesfag må møte fagskolen som en naturlig videre utdanningsvei etter fagbrev eller annen relevant yrkeskompetanse.

Omfang på felles innhald

Når felles innhald skal vere likt for alle i vidaregåande opplæring, tek vi utgangspunkt i det omfanget fellesfaga har i yrkesfaglege utdanningsprogram i dag, 588 timar fordelt på vg1 og vg2. Alt som inngår i dagens fellesfag kan ikkje ivaretakast i det som skal bli framtidas felles innhald. Vi må derfor prioritere dei mest sentrale temaa som bidreg til å oppnå formålet med felles innhald.

Mange av dagens fellesfag er berre felles for elevar på studieførebuande utdanningsprogram. Vi vil derfor òg forslå ein innhaldskategori som er studieførebuande innhald. Det er formålstenleg å sjå felles innhald i samanheng med studieførebuande innhald for å vurdere kva som bør vere felles for alle i vidaregåande opplæring og kva som i tillegg bør vere felles for elevar i studieførebuande opplæring. Sidan påbygging til generell studiekompetanse i dag i hovudsak er samansett av fellesfag, vil endringar òg påverke innhald og struktur i dette tilbodet i framtida. Vi vil leggje fram forslag til korleis påbygging til generell studiekompetanse kan sjå ut i framtida i den formelle høyringa som kjem på eit seinare tidspunkt, men stiller eit spørsmål om konsekvensar for påbygging til generell studiekompetanse i del 6.

Spørsmål om felles innhald

Spørsmåla i denne delen tek utgangspunkt i formålet med felles innhald (slik det står ovanfor), og kva alle elevar i vidaregåande opplæring skal lære på tvers av studieførebuande og yrkesfagleg opplæring.

1. Vi foreslår eit innhald som skal vere felles for alle i vidaregåande opplæring på tvers av studieførebuande og yrkesfagleg opplæring. Kva fordelar ser du ved å innføre eit felles innhald som er likt for alle elevar i vidaregåande opplæring?

Kommentar
Felles kompetanseområder kan gi elevene bedre forutsetninger for å delta i arbeidsliv og samfunn, skifte jobb og oppdatere kompetansen senere i livet. En felles ramme kan også gjøre det enklere å dokumentere og anerkjenne kompetanse ved omvalg og overganger mellom utdanningsløp.

2. Ser du nokre ulemper ved å innføre eit felles innhald som er likt for alle i studieførebuande og yrkesfagleg opplæring?

Kommentar
Den største risikoen er at likt innhold blir forstått som identiske fag, arbeidsmåter og vurderingsformer. Det kan gjøre yrkesfagene mer teoretiske, svekke motivasjonen og redusere tiden til programfag og praksis. Felles innhold bør derfor beskrives gjennom nasjonale kompetanser og formål, mens opplæringen kan tilpasses utdanningsprogrammet og elevens sluttkompetanse.

3. Omfanget vi foreslår for felles innhald tek utgangspunkt i det omfanget som fellesfaga har i yrkesfaglege utdanningsprogram i dag. Har du innspel knytt til omfanget?

Kommentar
Dagens 588 timer med fellesfag på vg1 og vg2 kan brukes som et utgangspunkt, men timetallet bør ikke bindes før konsekvensene er utredet. En eventuell økning må ikke redusere tiden til programfag, yrkesfaglig fordypning eller praksis. Udir bør vise hvordan ulike modeller påvirker yrkeskompetanse, gjennomføring, lærer- og utstyrsbehov og muligheten til å organisere små og desentraliserte tilbud.

4. Kva for tema, faglege område eller kompetansar bør inngå i felles innhald for alle elevar i vidaregåande opplæring? Knyt innspela til formålet eller til eventuelle innspel du har gitt på formålet.

Kommentar
Felles innhold bør prioritere muntlig og skriftlig kommunikasjon, praktisk matematikk og tallforståelse, digital kompetanse og ansvarlig bruk av kunstig intelligens, kildekritikk, demokrati og den norske arbeidslivsmodellen, personlig økonomi, helse og livsmestring, bærekraft, HMS og evne til læring og faglig oppdatering. Kompetansene bør så langt som mulig utvikles i relevante faglige og yrkesnære sammenhenger.

5. Finst temaa, dei faglege områda eller kompetansane du har nemnt i spørsmålet over, i dagens læreplanar for fag? Kom gjerne med døme.

Kommentar
Mye av innholdet finnes jo allerede i Overordnet del og i dagens læreplaner, men er fordelt på flere fag og temaer. Overordnet del omfatter blant annet grunnleggende ferdigheter, å lære å lære, kritisk tenkning, demokrati og medborgerskap, folkehelse og livsmestring og bærekraftig utvikling. I norsk for vg2 yrkesfag skal elevene blant annet bruke kilder kritisk og kommunisere i yrkesrelevante sjangre. Utfordringen er derfor ikke bare å legge til nytt innhold, men å sikre progresjon, relevans og sammenheng.

6. Er det tema frå Overordna del som bør konkretiserast i felles innhald i framtidas vidaregåande opplæring? Kva for tema? Grunngi gjerne svaret ditt.

Kommentar
Temaene å lære å lære, kritisk tenkning, demokrati og medborgerskap og bærekraftig utvikling bør konkretiseres for videregående nivå. For yrkesfag bør dette knyttes til faglig ansvar, kvalitet, dokumentasjon, etiske avveininger, ressursbruk, teknologi og medvirkning i arbeidslivet. Konkretiseringen bør gjøres på en måte som utfyller programfagene og unngår unødig repetisjon fra grunnskolen.

7. Har du andre innspel til kva som skal vere felles innhald for alle i vidaregåande opplæring?

Kommentar
Udir bør tydeliggjøre at videregående opplæring leder til ulike, men likeverdige sluttkompetanser. Karriereveiledningen må vise sammenhengen mellom yrkesfag, fagbrev, arbeidserfaring og høyere yrkesfaglig utdanning. Felles innhold må ikke utformes slik at generell studiekompetanse framstår som den mest selvfølgelige, eller mest attraktive, veien videre.

Utkast

5. Studieførebuande innhald

Innleiing

Studieførebuande opplæring skal gi elevane eit godt fagleg grunnlag for å gå vidare i høgare utdanning. Formålet med det innhaldet som er særmerkt for studieførebuande opplæring, skal derfor gjerast tydelegare.

Kunnskapsgrunnlaget viser at det i liten grad har blive diskutert kva studieførebuande opplæring skal vere og kva for krav som skal stillast til det å vere studieførebudd. Sjølv om gjennomføringa i studieførebuande utdanningsprogram er høg, opplever mange studentar at dei ikkje blir godt nok førebudde på høgare utdanning gjennom den studieførebuande opplæringa. Fullføringsreformen peikar på det same. Rundt 9 av 10 startar i høgare utdanning innan to år etter fullført studieførebuande opplæring, men overgangen er krevjande for mange. Studentar seier at dei ikkje kjenner seg godt nok førebudde til å studere, til dømes når det gjeld kritisk tenking, å lese og forstå lange og komplekse fagtekstar og arbeide sjølvstendig med fag. Universitet og høgskolar er opptekne av utfordringar som mangel på slik kompetanse fører til. Utfordringane som blir lyfta fram over, kan knytast til endringar i ungdomars lesevaner og mangel på tid i vidaregåande opplæring til å trene på konsentrasjon og å halde ut over tid.

Både studentar og miljø i universitets- og høgskolesektoren etterspør derfor meir arbeid med akademiske ferdigheiter i og på tvers av fag i studieførebuande opplæring, meir tid til og arbeid med fordjuping, tydelegare krav til fagkompetanse og trening på sjølvstendig oppgåveløysing. Dette bør inngå i alle faga elevane møter i studieførebuande opplæring.

Formål med studieførebuande innhald

Vi foreslår at studieførebuande innhald i vidaregåande opplæring skal ha fylgjande formål:

Felles studieførebuande innhald i vidaregåande opplæring skal gi elevane eit felles fagleg grunnlag og identitet på tvers av studieførebuande retningar. Det skal gi elevane kunnskapar og ferdigheiter som gir nødvendige føresetnader for å lykkast i høgare utdanning. Dette inneber sjølvstendet og uthald i arbeid med fag, kjeldebruk, og grunnleggjande kunnskap om filosofi, historie, etikk og logikk. Det skal òg gi ei innføring i ulike fagtradisjonar og vitskaplege metodar og arbeid med faglege tekstar.

1. Gir formålet med studieførebuande innhald, slik det står over, eit godt utgangspunkt for å prioritere kva for innhald alle i studieførebuande opplæring skal ha?

Veit ikkje

Ikkje ført opp svar i kommentarfeltet

2. Er det noko som ikkje blir ivareteke i forslaget til formål med studieførebuande innhald som du meiner bør inngå, eller har du andre innspel?

Veit ikkje

Ikkje ført opp svar i kommentarfeltet

Framtidas studieførebuande innhald

Vårt kunnskapsgrunnlag fortel oss at alle som gjeng studieførebuande opplæring treng eit innhald som:

- Legg vekt på lesing og skriving, både i norsk og i engelsk.
- Førebur elevane på å skrive akademiske tekstar i høgare utdanning, på eit fagleg nivå tilpassa vidaregåande opplæring.
- Trenar elevane i å lese lengre tekstar enn i dag, og utviklar elevanes skriveferdigheiter gjennom mellom anna prosessorientert skriving, tekstforståing, refleksjon, drøfting, argumentasjon, kjeldebruk og formålstenleg bruk av kunstig intelligens.
- Gir elevane betre moglegheiter til å utvikle læringsstrategiar
- Gir elevane kjennskap til sentrale vitskapsomgrep, kunnskap om vitskap og vitskapsteoriar og gir innsikt i ulike forskingsmetodar og arbeid med statistikk.
- Legg vekt på filosofi, historie, etikk og logikk.
- Kunnskapsgrunnlaget viser òg at elevane treng å tileigne seg slike kunnskapar og ferdigheiter gjennom spesifikt faginnhald, for eksempel gjennom norskfaglag innhald.

Dette er ikkje ei uttømande liste. Vi ynskjer derfor innspel på kva for tema som bør inngå i det studieførebuande innhaldet i vidaregåande opplæring, i tråd med formålet.

Spørsmål om studieførebuande innhald

Spørsmåla i denne delen tek utgangspunkt i formålet med studieførebuande innhald, og kva alle elevar i studieførebuande opplæring skal lære på tvers av retningar

1. Vi foreslår at noko skal vere felles for alle elevar i studieførebuande opplæring, på tvers av ulike retningar. Kva fordelar ser du ved å innføre eit felles innhald for alle elevar i studieførebuande opplæring?

Kommentar
Et felles grunnlag kan gjøre kravene til studiekompetanse tydeligere og redusere forskjeller mellom retningene.

2. Ser du nokre ulemper ved å innføre eit felles studieførebuande innhald som er likt for alle elevar i studieførebuande opplæring?

Kommentar
Et omfattende felles innhold kan begrense faglig særpreg og gjøre påbygg mer krevende. Konsekvensene for elever som kommer fra yrkesfag, må derfor utredes før omfang og krav fastsettes.

3. Kva for tema, faglege område eller kompetansar bør inngå i felles studieførebuande innhald? Knyt innspela til formålet eller til eventuelle innspel du har gitt på formålet.

Ikkje svart

4. Finst temaa, dei faglege områda eller kompetansane du har nemnt i spørsmålet over, i dagens læreplanar for fag eller i Overordna del? Kom gjerne med døme

Ikkje svart

5. Har du andre innspel til det som skal vere felles studieførebuande innhald?

Ikkje svart

Utkast

6. Studieførebuande retningar

Innleiing

I dag har vi fleire studieførebuande utdanningsprogram. Gjennom dialogkonferansar og skolebesøk har vi fått tydelege tilbakemeldingar om at det er viktig med fleire inngangar til studieførebuande opplæring som samsvarar med elevanes interesser og som gir moglegheiter til å fordjupe seg i ulike fagområde. Vi foreslår derfor at det òg i framtidas vidaregåande opplæring skal finnast fleire vegar som leier til studiekompetanse. Desse kallar vi for studieførebuande retningar.

Kunnskapsgrunnlaget viser at dagens studieførebuande utdanningsprogram i liten grad peikar til retningar i høgare utdanning og til framtidas kompetansebehov. Det er nødvendig med ein struktur som gjer det enklare for elevane å sjå samanhengen mellom studieførebuande vidaregåande opplæring, studiar og det arbeidslivet dei seinare skal bli ein del av, samstundes som strukturen viser at alle elevar i studieførebuande retningar oppnår same sluttkompetanse. Som i dag, skal ikkje alle skolar tilby alle retningar, men dei nye retningane bør likevel byggjast opp slik at dei kan stå seg over tid og kunne vere eit tilbod over heile landet.

Med dette som utgangspunkt, foreslår vi at opplæringa i framtida blir organisert i få og breie retningar. Retningane må vere tydelege nok til å gi elevane ei oppleving av fagleg avgrensing og relevans, samstundes som dei er opne nok til å ivareta interessene til ulike elevar. Innanfor kvar retning vil vi leggje til rette for fordjuping og val, slik at elevane kan utvikle kompetanse i tråd med eigne interesser, behov i samfunnet og framtidige utdannings- og yrkesval.

I dag er det ulike krav til fordjuping i dei ulike studieførebuande utdanningsprogramma. For elevar på studiespesialisering er kravet to valfrie programfag på 140 timar over to år frå eige programområde (totalt 560 timar). For elevar i dei fire andre studieførebuande utdanningsprogramma blir kravet til fordjuping oppfylt gjennom felles programfag frå eige utdanningsprogram. Det er ulikt mellom programområda kor mange timar dette utgjer (sjå nærare omtale i del 2).

Vi foreslår at det framleis skal vere eit krav om fordjuping i studieførebuande opplæring og at fordjupinga skal ha same omfang for alle elevar og vere ein integrert og tydeleg definert del av retninga eleven vel. Vårt forslag inneber at fordjuping i framtidas studieførebuande opplæring skal ligge i det felles retningsinnhaldet. Ansvaret for at eleven får oppfylt kravet til fordjuping blir integrert i strukturen og ikkje knytt til den enkelte eleven sitt fagval.

Formål med retningsinnhald

Vi foreslår at retningsinnhald i studieførebuande vidaregåande opplæring skal ha fylgjande formål:

Studieførebuande retningar skal gi elevar i vidaregåande opplæring fordjuping og moglegheit for val innanfor fagområde som dei er interesserte i. Dei studieførebuande retningane skal òg leggje til rette for at elevane kan få kompetanse innanfor fagområde som dei kan møte i høgare utdanning og som samfunnet har behov for. Dette inneber at innhaldet i retningane skal gi elevane nødvendige kunnskapar og ferdigheiter, som skal bidra til at dei utviklar fagleg djupne innanfor si valde retning.

1. Gir formålet for studieførebuande retningsinnhald, slik det står over, eit godt utgangspunkt for å utvikle tydelege og relevante retningar i studieførebuande opplæring?

Veit ikkje

Ikkje ført opp svar i kommentarfeltet

2. Er det noko som ikkje blir ivareteke i forslaget til formål for studieførebuande retningsinnhald som du meiner bør inngå, eller har du andre innspel til formålet for retningsinnhald?

Veit ikkje

Ikkje ført opp svar i kommentarfeltet

Oppbygging av retningsinnhald

Vi ynskjer at alle studieførebuande retningar i framtidas vidaregåande opplæring skal ha lik oppbygging. Oppbygginga skal sikre at alle elevar får møte fagleg innhald frå den retninga dei har valt, alt frå vg1.

- **Felles retningsinnhald**: Felles retningsinnhald er innhald alle elevar som har valt ein retning skal ha. Felles retningsinnhald skal sikre at alle elevane i ein retning tileignar seg og fordjupar seg i sentral kunnskap i eit relevant fagfelt. Innhald i denne kategorien skal ivareta at elevane får eit minimum av fordjuping i si valde retning.
- **Valfritt retningsinnhald**: Elevane skal i tillegg til fordjuping i det felles retningsinnhaldet, kunne velje anna innhald innanfor si valde retning. Kva for valmoglegheiter elevane får, vil vere avhengig av tilbodet ved den enkelte skole.
- **Val av innhald utanfor eiga retning:** Elevane skal òg få moglegheit til å velje noko innhald frå andre retningar, for å sikre breidde og fleksibilitet i opplæringa. Dette er ikkje ein eigen type innhald. Tanken er at elevane kan velje å ha meir innhald frå si valde retning, eller innhald frå andre retningar som skolen tilbyr. Til dømes kan dette handle om å kunne velje nokre realfag, sjølv om eleven ikkje har valt denne retninga.

1. Kva fordelar ser du ved forslaget om eit felles retningsinnhald for kvar av dei studieførebuande retningane?

Kommentar
Få og brede retninger kan gi bedre oversikt og faglig fordypning. Strukturen må samtidig gi nasjonal gjenkjennelighet og reell tilgang til valgmuligheter i hele landet. Lokal fleksibilitet bør ikke føre til store forskjeller i hvilke fagkombinasjoner elever faktisk kan velge.

2. Ser du nokre ulemper ved forslaget om eit felles retningsinnhald?

Ikkje svart

3. Kva fordeler ser du ved forslaget om at alle elevar må velje noko innhald innanfor si valde retning, utover det felles retningsinnhaldet?

Ikkje svart

4. Ser du nokre ulemper ved at alle elevar må velje noko innhald innanfor si valde retning, utover det felles retningsinnhaldet?

Ikkje svart

5. Vi foreslår å byggje krav til fordjuping inn i strukturen, gjennom det felles retningshaldet som alle elevar i ei retning må ha. Kva fordelar ser du ved at fordjuping blir lagt inn i strukturen og ikkje blir knytt til fagvalet til eleven?

Ikkje svart

6. Ser du ulemper ved at krav til fordjuping blir bygd inn i strukturen?

Ikkje svart

7. Kva fordelar ser du ved å gi elevane moglegheit til å velje noko innhald i opplæringa på tvers av retningar, altså at elevane kan velje innhald som ikkje høyrer til eiga retning?

Ikkje svart

8. Ser du nokre ulemper ved å gi elevane moglegheit til å velje noko innhald i opplæringa på tvers av retningar?

Ikkje svart

Utkast

9. Vi foreslår at studieførebuande opplæring skal ha eit felles studieførebuande innhald og retningsinnhald, som i kombinasjon med det felles innhaldet gir studiekompetanse (sjå del 3). Kva konsekvensar kan dette ha for påbygging til generell studiekompetanse?

Kommentar
Udir bør gjennomføre en særskilt konsekvensutredning av påbygg etter vg2 og påbygg etter oppnådd fag- eller yrkeskompetanse. Strukturen bør støtte opp om fagbrev først.

Retningar i framtidas studieførebuande opplæring

Kunnskapsgrunnlaget vårt viser at dagens utdanningsprogram ikkje i tilstrekkeleg grad tydeleggjer vegen vidare til høgare utdanning og at dei heller ikkje tydeleg nok speglar områda i samfunnet der behova er særleg store. I vårt forslag til nye retningar forsøkjer vi å tydeleggjere dette. Vi foreslår retningar som spring ut frå dagens utdanningsprogram for studiespesialisering, men òg retningar der elevane kan oppnå studiekompetanse gjennom meir praktisk, estetisk og kunstnarisk innhald. I tillegg til å tydeleggjere vegen vidare til høgare utdanning og mot samfunnets behov for kompetanse, har vi òg lagt vekt på kunnskap om elevars oppleving av relevans, interesse og motivasjon når vi har laga retningar i framtidas vidaregåande opplæring.

Vi har vi utarbeidd forslag til seks nye studieførebuande retningar som du kan lese meir om og gje innspel til nedanfor. Vi har kalla dei nye retningane:

- Naturvitskap, teknologi og realfag
- Helse, aktivitet og idrett
- Estetiske fag
- Næringsliv, leiing og økonomi
- Samfunnsvitskap og historie
- Kommunikasjon, språk og medium

Naturvitskap, teknologi og realfag

Kompetanse innanfor naturvitskap, teknologi og realfag er avgjerande i eit samfunn prega av rask teknologisk utvikling. Det er eit tydeleg og aukande behov for realfagleg kompetanse i arbeidslivet. Vi ynskjer å synleggjere denne kompetansen tydelegare i strukturen ved å opprette ei eiga retning knytt til naturvitskap, teknologi og realfag.

Forslag til sentralt innhald i retninga for naturvitskap, teknologi og realfag

Naturvitskapeleg metode, teknologi og forskingslære, i tillegg til etablerte fagområde som matematikk, biologi, kjemi, fysikk og informatikk…

Utkast

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga naturvitskap, teknologi og realfag?

Kommentar
Overordna kommentar til alle foreslåtte studeborberedende retninger: Retningsnavn som naturvitenskap, teknologi og realfag, helse, aktivitet og idrett og næringsliv, ledelse og økonomi kan oppfattes som mer direkte yrkeskvalifiserende enn de er. Informasjonen til elever og foresatte må tydelig forklare at retningene gir studiekompetanse, og at det er ment at eleven skal videre inn i akademisk spor. Presisere at det ikke gir fagbrev, autorisasjon eller en konkret yrkeskvalifikasjon. De studieforberedende tilbudene bør ikke konkurrere med yrkesfagene på et misvisende grunnlag.

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for naturvitskap, teknologi og realfag. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Helse, aktivitet og idrett

Kompetanse innanfor helse, aktivitet og idrett er viktig i dagens samfunn, særleg i ljos av auka mangel på arbeidskraft i helsesektoren. Vi ynskjer at nettopp dette behovet for kompetanse skal kome tydelegare fram i den studieførebuande strukturen. Slik kan elevane allereie i vg1 velje ei retning som peikar mot studiar i høgare utdanning som er etterspurde i arbeidslivet. Helse i studieførebuande opplæring er retta mot helseutdanningar i høgskole- og universitetssektoren, og skal ikkje ha same sluttkompetanse som det yrkesfaglege utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag.

Forslag til sentralt innhald i retninga helse, aktivitet og idrett

Basistrening, ferdigheitsutvikling, helse i eit breitt perspektiv, psykologi, anatomi, kosthald og ernæring, rehabilitering og leiing av idrett, trening og aktivitet …

Utkast

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga helse, aktivitet og idrett?

Ikkje svart

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for helse, aktivitet og idrett. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Estetiske fag

Kompetanse innanfor estetiske fag byggjer på og vidarefører innhald frå dagens utdanningsprogram kunst, design og arkitektur og musikk, dans og drama. Ved å samle desse i ei retning, ynskjer vi å etablere eit meir robust og attraktivt tilbod med eit større elevgrunnlag.

Retninga legg til rette for å utforske ulike uttrykksformer. Ho har som mål å gi elevane moglegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter knytte til kunst og kultur, og utvikle kompetanse som er relevant både for vidare studiar og deltaking i kulturlivet.

Forslag til sentralt innhald i retninga for estetiske fag

Kreative prosessar og idéutvikling, produksjon, formidling til publikum, kulturforståing og kunstens rolle i samfunnet.
Samstundes skal retningsinnhaldet bidra til å ivareta breidda i interesser og føresetnader i elevgruppa. Dette inneber at retningsinnhald òg skal handle om musikkformidling, danseteknikkar, teaterproduksjon, arkitektur, ulike kunstuttrykk, berekraftig design og skapande arbeid …

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga estetiske fag?

Ikkje svart

Utkast

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for estetiske fag. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Næringsliv, leiing og økonomi

Kompetanse innanfor næringsliv, leiing og økonomi har ein viktig og etablert plass i dagens studieførebuande opplæring, og vi meiner denne kompetansen bør vidareførast og styrkast. I dag er faga organisert som ein del av fagtilbodet i programområdet for språk, samfunnsfag og økonomi i utdanningsprogrammet studiespesialisering. Vi ynskjer å synleggjere denne kompetansen tydelegare, ved å opprette ei eiga retning knytt til næringsliv, økonomi og leiing.

Forslag til sentralt innhald i retning næringsliv, leiing og økonomi

Samfunnsøkonomi, berekraftig økonomi, økonomistyring, entreprenørskap, bedriftsutvikling, marknadsføring, rettslære og leiing …

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga næringsliv, leiing og økonomi?

Ikkje svart

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for næringsliv, leiing og økonomi. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Utkast

Samfunnsvitskap og historie

Kompetanse innanfor samfunnsvitskap og historie byggjer på innhald frå delar av dagens programområde for språk, samfunnsfag og økonomi i utdanningsprogram for studiespesialisering, i tillegg til enkelte delar av dagens fellesfag. Med denne retninga ynskjer vi å gje elevane ei brei forståing av samfunnets strukturar, utvikling og samanhengar.

Forslag til sentralt innhald i retninga for samfunnsvitskap og historie

Politikk, filosofi, etikk, samfunn, sosiologi, geografi og historie …

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga samfunnsvitskap og historie?

Ikkje svart

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for samfunnsvitskap og historie. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Utkast

Kommunikasjon, språk og medium

Kompetanse innanfor kommunikasjon, språk og medium ivaretek og vidareutviklar sentrale element frå fleire av dagens utdanningsprogram. Retninga byggjer mellom anna på språkdelen i programområde for språk, samfunnsfag og økonomi i utdanningsprogram for studiespesialisering og innhald frå medium og kommunikasjon. Kunnskapsgrunnlaget vårt viser at det over tid har vore utfordringar med rekruttering til den tradisjonelle «språklina». Dette viser at det er behov for å tenkje nytt om korleis språkopplæring kan organiserast og styrkast.

Ved å sjå språk i samanheng med medium og kommunikasjon, kan fagområdet utviklast slik at elevane opplever det meir relevant og attraktiv. Språkkompetanse er tett knytt til korleis vi kommuniserer, påverkar og samhandlar med andre. Argumentasjon, tekstuttrykk og kritisk forståing er sentrale ferdigheiter både i høgare utdanning og arbeidslivet.

Denne retninga har som mål å styrkje kompetansen til elevane i språk, kommunikasjon og i å forstå medium, og samstundes lyfte fram ferdigheiter som er etterspurde i samfunnet og nødvendige for aktiv deltaking i demokrati og arbeidsliv.

Forslag til sentralt innhald i retninga for kommunikasjon, språk og medium
Språk, kommunikasjon, mediekunnskap, medieutvikling, kunstig intelligens , informasjonskunnskap og kultur …

1. Kva for konsekvensar ser du ved å innføre retninga kommunikasjon, språk og medium?

Ikkje svart

2. Har du innspel til namnet på retninga?

Ikkje svart

3. Vi viser forslag til innhald som kan høyre retninga for kommunikasjon, språk og medium. Har du innspel til konkret innhald?

Ikkje svart

Utkast

Framandspråk som retningsinnhald

Vi har fått innspel om at framandspråk òg bør vere ein del av fagtilbodet i framtidas vidaregåande. Vi har derfor vurdert om framandspråk i framtidas vidaregåande opplæring bør vere felles for alle elevar (felles innhald), obligatorisk for alle elevar som skal bli studieførebudde (studieførebuande innhald) eller retningsinnhald.

Vi foreslår at framandspråk bør vere eit valfritt retningsinnhald innanfor retning for kommunikasjon, språk og medium sidan språkkompetanse heng tett saman med desse fagområda.

Kunnskapsgrunnlaget vårt peikar ikkje på at framandspråk bør vere felles for alle eller felles for alle som ynskjer studiekompetanse (inkludert påbygging til generell studiekompetanse). Dersom framandspråk skal vere obligatorisk for alle innanfor ei retning, vil det i praksis vere vanskeleg å gi elevar i ei klasse eit val mellom fleire ulike framandspråk. Praktisk og økonomisk kan det vere vanskeleg å dele éi klasse inn i fleire «språkløp». Resultatet kan bli at skolen bestemmer kva for språk den enkelte klassa må ta ut ifrå lærarressursar, eller at elevfleirtalet avgjer kva for framandspråk heile gruppa får. Ved å gjere framandspråk til eit valfritt retningsinnhald, kan òg elevar frå andre retningar velje det.

1. Kva for konsekvensar ser du ved at framandspråk er knytt til retningsinnhald i retning for kommunikasjon, språk og medium og at det er innhald elevane kan velje?

Ikkje svart

Utkast

7. Regelverk - rettar og timetal

Innleiing

Tabellane i den nasjonale fag- og timefordelinga har status som forskrift og inneheld generelle reglar om kva fag elevane skal ha på dei ulike trinna, kor mange timar per fag, og eigne reglar for elevar som har rett til opplæring i samisk og elever som har rett til opplæring i teiknspråk. Fag- og timefordelinga inneheld òg tekstar med forklaringar som viser samanhengen mellom tabellane og opplæringslova og opplæringsforskrifta.

Gjeldande fag- og timefordeling er kompleks og ikkje eintydig og dette er årsaka til at ho ikkje er digitalisert. Vi ynskjer å utvikle ei digital løysing for å gjere det enklare å kontrollere at elevar får den opplæringa dei skal ha og at dei får rett dokumentasjon når opplæringa er avslutta. For å få til dette foreslår vi å gjere endringar i oppbygginga av studieførebuande opplæring. Nedanfor skriv vi om fageiningar og det peikar til ei eining i dei ulike innhaldskategoriane (omtala i del 4, 5 og 6).

Elevar med rett til opplæring i samisk, kvensk, finsk eller teiknspråk

Enkelte elevar har rett til opplæring i samisk, kvensk, finsk og teiknspråk og reglar om dette finn ein i opplæringslova og opplæringsforskrifta. Kunnskapsgrunnlaget vårt viser at det er fleire utfordringar knytt til å oppfylle desse rettane i skolekvardagen i dag. Til dømes blir ofte opplæringa lagt til tider elevane tykkjer er ugunstige, slik som på ettermiddag eller kveld. Elevane vel òg ofte å ha tilleggstimar for ikkje å gå glipp av anna opplæring, og dei får dermed eit høgare timetal per veke enn elevar som ikkje har eller ikkje vel å nytte retten til opplæring i desse språka. Dette kan føre til at det blir mindre attraktivt å velje å nytte retten.

I rammeverket for innhald og struktur ynskjer vi ei løysing der desse faga har ein tydeleg plass for elevane og som gjer det enklare for skolane å planleggje opplæring i faga enkelte elevar har rett på. Vi foreslår at opplæring i desse språka får ein fast plass i oppbygginga av studieførebuande opplæring. Elevar som ikkje skal ha slik opplæring, må bruke tida på anna valfritt retningsinnhald som skolen tilbyr. Modellen for den studieførebuande opplæringa vil på denne måten bli lik for elevar med og utan rett til opplæring i samisk, kvensk, finsk eller teiknspråk, og dei vil ha like mange timar totalt, men ulikt innhald i nokre av timane.

Vi meiner det er ein fordel å gi retten ein fast plass i oppbygginga av studieførebuande opplæring, i staden for å leggje timar til språket eleven har rett til opplæring i, som eit tillegg. I forslaget til ny modell, sjå del 3, vil timane høyre til i dei timane som er sett av til retningsinnhald.

1. Vi foreslår å synleggjere retten til opplæring i samisk, kvensk, finsk og teiknspråk ved å setje av ein eigen timepott som inngår i strukturen, og ikkje leggje til ekstra timar. Kva for fordelar ser du ved ei slik løysing?

Ikkje svart

2. Kva for ulemper ser du ved å synleggjere retten til opplæring i samisk, kvensk, finsk og teiknspråk ved å setje av ein eigen timepott som inngår i strukturen, og ikkje leggje til ekstra timar?

Ikkje svart

3. Bør timar til opplæring i samisk, kvensk, finsk og teiknspråk kome som eit tillegg til annan opplæring?

Ikkje svart

Timetal og fordeling av timar

Totalt timetal over tre år

Dei fem studieførebuande utdanningsprogramma har i dag ulikt totalt timetal. Studiespesialisering har totalt 2523 timar over tre år, medan de fire andre studieførebuande utdanningsprogramma totalt har 2943 timar over tre år.

Gjennom skolebesøka og dialogkonferansane har vi fått innspel om at det totale timetalet bør vere likt for alle dei nye studieførebuande retningane, og lågare enn det høgste timetalet vi har i dag. Grunngivingane handlar mellom anna om korleis praktiske fag blir verdsett, at ulikt totaltimetal gjer planlegging av skolekvardagen vanskeleg og at elevane treng tid til eige arbeid.

Vi foreslår at dei nye studieførebuande retningane skal ha lik oppbygging i framtida. I del 3 har vi bede om innspel til vårt forslag til ny modell der noko innehald er felles for alle, noko er felles for alle som skal bli studieførebudde og noko er berre for den retninga eleven ynskjer å fordjupe seg i. Forslaget vårt inneber at ingen retningar skal ha fleire timar eller meir omfattande retningsinnhald enn andre retningar, men at timetalet til retningsinnhald blir likt for alle retningar. Fordi talet på timar til felles innhald og timer til studieførebuande innhald òg vil vere likt, vil dette føre til at dei studieførebuande retningane får likt totaltimetal.

Vi meiner det samla timetalet ovet tre år for dei studieførebuande retningane bør vere lågare enn 2943 timar, men ikkje lågare enn 2523 timar. Vi ynskjer innspel på kva som kan vere eit passeleg timetal totalt.

Kor mange fageiningar per år

Det erfaringsbaserte kunnskapsgrunnlaget viser at mange, særleg elevar, ynskjer færre fag per år enn det elevane har i dag. I dag har elevane i dei studieførebuande utdanningsprogramma mellom sju og ti fag per år. Elevane på studiespesialisering vg3 har færrast fag med sju fag per år, medan elevane i vg2 i dei fire andre studieførebuande utdanningsprogramma har ti fag per år. Dette går òg fram av modellane i del 2. I snitt har elevane åtte til ni fag per år.

I dag har faga ulik storleik, frå 56 timar per år til 168 timar per år (dette er det same som to til seks einingar på 45 minutt per uke). Kunnskapsgrunnlaget viser at mange opplever at fag som har få timar er for små, at det går lang tid mellom kvar gong elevane har faga og at dei ikkje legg til rette for djupnelæring. Vi har òg fått innspel om at det vil forenkle planlegginga av skoledagen og skoleåret dersom alle fag har likt timetal.

Vi foreslår at framtidas studieførebuande opplæring skal byggjast opp av fageiningar som er like store og har likt timetal. Tabellen nedanfor viser eit døme på ei inndeling der det er sju fageiningar per år og alle er like store:



Vi ynskjer innspel på kor mange fageiningar elevane bør ha per år og kva som er eit godt timetal per år per fageining.

Spørsmål om totalt timetal, tal på fageiningar og timar per fageining

1. Kva for konsekvensar ser du ved at dei ulike studieførebuande retningane skal ha same totaltimetal over tre år?

Ikkje svart

2. Kor mange timar totalt bør dei studieførebuande retningane ha? Beskriv gjerne konsekvensane for dei ulike retningane.

Ikkje svart

3. Bør alle fageiningar har same timetal per år?

Veit ikkje

4. Kor mange fageiningar bør elevane i studieførebuande opplæring ha per trinn?

Ikkje svart

Spørsmål om fordeling mellom felles innhald, studieførebuande innhald og retningsinnhald

Vi foreslår tre nye innhaldskategoriar (sjå del 3). Vi treng innspel på kva som er ei god fordeling av felles innhald, felles studieførebuande innhald og retningsinnhald. Det handlar òg om forholdet mellom det alle i studieførebuande opplæring skal ha og det som høyrer til retninga. Ta gjerne utgangspunkt i modellen i del 3 og sjå på samanhengen mellom talet på fageiningar per år, størrelsen på ei fageining og totalt timetal over tre år.

Utkast

1. Kor mange fageiningar bør fyllast med studieførebuande innhald? Sjå svaret ditt i samanheng med kor mange fageiningar du meiner det bør vere totalt.

Kommentar
Færre og større fagenheter kan gi bedre tid til fordypning, men kan også redusere fleksibiliteten og gjøre omvalg vanskeligere. Udir bør legge fram sammenlignbare modeller med konsekvenser for elever, lærere, skoleeiere og overganger mellom løp.

Fordelingen må sikre tilstrekkelig faglig fordypning og et tydelig særpreg for hver sluttkompetanse. På yrkesfag må felles innhold ikke fortrenge programfag og yrkesfaglig fordypning. For påbygg må kravene være forutsigbare og bygge videre på kompetansen eleven allerede har dokumentert.

2. Kor mange fageiningar per trinn bør høyre til ei retning? Sjå svaret ditt i samanheng med kor mange fageiningar du meiner det bør vere totalt.

Ikkje svart